



skodespelar i Los Angeles. FOTO: SIRMA AKSUYEK

# d eigen film

nest år skal sendast inn til ulike filmfestivalar.

#### Ventar på visum

Vegen frå Halsnøy til eit skodespelarliv i verdas filmhovudstad har gått via Westerdal i Oslo, Kingston University i England og New York Film Academy.

– Eg fekk eit talentstipend då eg gjekk på filmskulen i New York, og valde å studera vidare i Los Angeles. Her har eg studert i eitt år, og jobba i eitt år, seier Brit Johanne, som no ventar på å få fonna arbeidsstipendet sitt. Ho håpar å få stipendet på plass til oktober. For i USA er det fleire store

prosjekt som ventar.

– Eg har ein stor premiere på ein TV-serie som heiter «Loved ones», fortel Brit Johanne som også har fått napp på eit anna manus ho har skrive, denne til ein actionfilm.

– Fordelen med å skriva sjølv er jo at då skriv eg hovudrolla til meg sjølv, ler 29-åringen.

#### Må stå på

Den unge halsnøybuen fortel at ho opplever stor kontrast til livet i Los Angeles og livet heime på Halsnøy, der ho mellom anna hjelper til på garden til veslebroren.

– Å etablira seg som skode-

spelar er tøft økonomisk. Det er strenge krav i visumet mitt. Eg har berre lov å jobba som skodespelar. Dermed må eg heile tida sørja for at eg har mange prosjekt gåande slik at eg får intekter dei neste vekene og månadane. I periodar der eg er på nippet til å gje opp, så skjer det ofte noko som gjør at ting fell på plass og eg klarar den neste månaden. Det er ein kamp. Men eg er steinsta. Det er dette eg vil, seier Brit Johanne Eide Lande.

► Hilde Vormedal Nybø



## Vervadag for 23. gong

►KYSTKULTUR: Laurdag går den tradisjonelle vervadagen av stabelen på Jensaneset i Sagvåg, i regi av Sagvågen kystlag og Kystsogevekene i Hordaland. På programmet står alt frå båtturar med «Brit-Best» til kunstutstilling og sal av knivar. Det vil sjølvsagt vera båtar i ulike storleikar, musikk og kafe.

Sjølv om arrangørane lovar fint vær, så kan dei garantera at dette blir like kjekt om ikkje været er fullt så fint som ønskeleg.

## Satsar på viseklubb for barn

►MUSIKK: Olsen & Jenses viseklubb startar i haust opp eit nytt viseklubbtilbod for barn. Barnearrangementa i «Viseplaneten Plektturn» tar sikte på å arrangere kvalitetskonsertar for born og vaksne. Dese arrangementa skal finne stad på Arena. Først ut er familiekonsert med Goodtime Charlie, som er eit Blues/rockabillybandet frå Voss og Bergen, og spelar konsert 9. september. Med barneplata sine «Draumeblues og blås» og «Jubel og skrubbsså» har

dei tatt små og store landet rundt med storm, gjennom utstrekta turnering både på skular og utestadar. Bandet har også konsert for eit vakse publikum på Osvald på kvelden.

Haustprogrammet til Olsen & Jensen inneholder elles hyllestkonserter med lokale royster, intime dagkonserter med velrenomerte artistar og jamlege podkast-sendinger.

Jan Eggum har konsertar to helger på rad i desember. Knut Reiersrud og Erik Moll duo står også på plakaten.

## Lagar språkshow

►SPRÅK: – Under parolen «språk er sjø» giv Linda Eide (biletet) laus på språklege fenomen, kuriositetar og historier. Ho hyllar og herjar med vår språklege kvardag, og byr inn til språkleg påfyll i ei hyggjeleg og eksamsfri atmosfære. Pianist og komikar Sjur Hjeltnes syt for musikalsk og verbal bækking av ypparste slag. Med seg på Arena, fredag 10. november, får dei mor og dotter, Kari og Selma Lønning Aarø, og arrangemetet er i samband med litteraturfestivalen Falitur, melder festivalsjef Roald Kaldestad.

Selma Lønning Aarø er fødd i 1972, debuterte i 1995 og har seinare gjeve ut ei lang rekke bøker i ulike sjangrar, både for vaksne og born. Hennar siste roman, med fotografen Jan Rabben,



Hennes løgnaktige ytre, kom i 2016 til strålende kritikkar.

Kari Lønning Aarø er pensjonert lektor, forfattar og nyorskentusiast. Medlem i Norsk språkråd 1998 – 2005, språkpaltist i Bladet Sunnhordland gjennom ei årrekke. Har gjeve ut praktbokene Namnevandring i Stord og Fitjar og Ville blomar i Sunnhordland saman med fotografen Jan Rabben.

# Skapt til gode gjerningar



De var ein gong døde på grunn av misgjerningane og syndene dykkar. De levde i dei slik ein gjer i denne verda og lét dykk leia av han som styrer i himmelrommet, den ánda som no verkar i dei ulydige. Ja, ein gong levde me alle som dei. Me følgde lystene i vårt eige kjøt og blod, me gjorde det vårt kjøt og våre eigne tankar ville. Og me var av naturen vredens born liksom alle dei andre.

Men Gud er rik på miskunn. Fordi han elskar oss med så stor ein kjærliek,

gjorde han oss levande saman med Kristus, me som var døde på grunn av misgjerningane våre. Av nåde er de freste. I Kristus Jesus har han både reist oss opp frå doden med han og sett oss i himmelen med han, så han i dei kommande tider kunne visa kor overstrøymande rik han er på nåde, og kor god han er mot oss i Kristus Jesus. For av nåde er de freste, ved tru. Det er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gáve. Og det kviler ikkje på gjerningar, så ingen skal skryta av seg sjølv. For me er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så me skulle vandra i dei.

Det var i guteforeininga det heile byrja. Eg hugsar godt den første gongen eg vart tiltrudd ei oppgáve. Eg vart vald til å vera sekretær. Eg skulle blant anna referera frå møta. Det var stort og eg var stolt. Og for eit ansvar! Det vart klart for meg at eg hadde fått

noko å forvalta. Me er alle utrusta med evner og gáver. Og Gud vil at me skal forvalta alt han har gjeve oss, på ein slik måte at namnet hans kan verta til ære og pris i blant oss. Me er skapt i Jesus til gode gjerningar. Det ligg gode gjerningar ferdige for oss for at me skal gie inn i dei. Han har kalla borna sine til å utføra oppgáver til Gud si ære og riket hans si framme. Det har skjedd noko radikalt nyt i det mennesket som har gått over frå döden til livet.

Herren ventar med å koma att, fordi me framleis har eit stort oppdrag å utføra. Me har fått eit evangelium å forvalta og utføra gode gjerningar i namnet hans. Bodskapen må ut til dei som ikkje har hørt det. «De er vitne om dette», seier Jesus i Luk. 24. Me skal stå til rekneskap overfor Gud. Korleis forvartar og prioriterer me tid og krefter i kvardagen, i forsamling og misjon?

«Den som mykje har fått, av han blir det venta mykje. Og den som mykje er tiltrudd, av han skal det krevast dess meir.» Luk. 12,48.

«Me er ditt verk! Du eier oss, Gud, med alle de goder me har. Du byr oss forvalte dem etter de bud du ga oss, vår Skaper og Far.

Styrk da vår tro! Tenn håp i vårt sinn. Fyll hjertet med kjærighet varm. Så går me frimodig i tjenesten inn. I ly av din utstrakte arm.» Olaf Hillestad, vers 3 og 4.

Det er stort å få leva under Gud si velsigning. Gud ynskjer at me skal vera borna Hans, og leva i hans gode og ferdig lagde gjerningar. Det gjer oss rike som menneske og skapar tru og tillit til Jesus, og gjev stor glede og takksemd.

**Ivar Gjerdi, diakon**  
– pensjonist, tidl. generalsekretær

# Prosten i Senioruniversitetet

Neste veke er det semesterstart i Senioruniversitetet.


Tysdag 29. kjem prosten vår, Svein Arne Theodorsen, til Sunnhordland Senioruniversitet med forelesinga «500 år sidan reformasjonen. Martin Luther, kven var han og kva ville han?». Theodorsen har vore sokneprest i Stord og prost i Sunnhordland sidan 2001. I tillegg til teologiutdanninga har han mellom anna utdanning i pedagogikk og leiarfag, og han hadde fleire ulike leiar- og undervisningsstillingar før han kom til Stord, melder Sunnhordland Senioruniver-

sitet i ei pressemelding.

I forelesinga vil Theodorsen ta utgangspunkt i situasjonen i Europa på 1500-talet, både i samfunnet generelt og i kyrkja spesielt. Slik vil han setja reformasjonen inn i ein samfunnsmessig og religiøs samanheng.

Sentralt i reformasjonen står den tyske teologen, munken og presten, Martin Luther (1483 – 1546), og den kyrkjekritikken han kom med. Denne kritikken gjorde han kjent gjennom dei 95 teiene han framførte i 1517.

Theodorsen vil sjá nærmare på kven Martin Luther var og plassera han i den tida han høyrdé til. Vidare vil han sjá på kva Luther ville,



**LUTHER-FOREDRAG:** Prost Svein Arne Theodorsen snakk om Martin Luther og jubileet for reformasjonen i Sunnhordland Senioruniversitet kommande tysdag. ARKIVFOTO

og vurdera det i perspektiv av reformasjonen slik han utvikla seg.

Forelesinga finn stad på Senioruniversitet sin vanlege møteplass, Bømlo kulturhus, kommande tysdag.

– Vel møtt til ei forelesing som skulle vera særskilt aktuell no i jubileumsåret.

**►Magne Kyland**  
magne@sunnhordland.no

# Talar i heimbygda

Oskar Stein Bjørlykke til temakveld på Fitjar.

– Det er med stor glede me ynskjer Oskar Stein Bjørlykke (biletet) velkommen til temakveld torsdag 31. august. For oss er det ekstra kjekt at me får dette til i Fitjar kyrkje sitt jubileumsårt. Oskar Stein er rotekte fitjarbu, han vart fødd her på Fitjar ei desembernatt i 1939. Og her budde han til han var 14–15 år, melder temakveldgruppa i Fitjar kyrkje.

Han gjekk på realskulen på Leirvik og på gymnas på Voss. I 1958 flytte fami-



lien til Ulsteinvik der faren var prest fram til 1973. Alt medan han studerte teologi, starta han å skriva. Den første boka gav han ut i 1966, og etter det har det vorte mange bøker.

– Temaet denne gongen

er «Stjernesot og minneglimt». Det er eit program der han vil fortelje og lesa frå eigne bøker. Nokre tekstar er prega av humor, og litt av det er på Fitjar-dialekt. I andre tekstar kjem alvoret meir fram. Mange av tekstane handlar om korleis me ter oss og korleis me er overfor kvarandre. I nokre dikt og stykke er born aktørar, eller det dreiar seg om kommunikasjon mellom born og vaksne. Det er også bøner, eller tekstar som er ein slags meditasjon, heiter det i melindinga.

I tillegg til Bjørlykke vert gitarristen Per Olav Kobberstad med denne kvelden.



## Vervaguds-teneste på Jensaneset

Førstkommande søndag går den etter kvart tradisjonelle Vervagudsstenesta på Jensaneset av stabelen. Prest er Jørgen Knudsen, og på den musikalske sida vert messingskvartett med utgangspunkt i Sagvåg musikklag med. Kantor Bjarte Aadland er musikalsk ansvarleg.

Etter gudstenesta vert kyrkjekaffi med lappkaker til.

## KYRKJEHELG

### STORD KIRKJE

Søndag 27. august kl. 11.00: Gudsteneste v/sokneprest Aadland Tappel, kantor Furdal og kyrkjelydsmedlem Stautland. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi. Kyrkjekaffi: 402 96 710 Foreldremote for konfirmantane etter gudstenesta.

### NYSÆTER KIRKJE

Søndag 27. august kl. 11.00: Vervagudssteneste på Jensaneset v/sokneprest Knudsen og kantor Aadland. Messingkvartett deltek. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.

### HUGLO KAPELL

Søndag 27. august kl. 11.00: Gudsteneste v/prostiprest Larsen og organist Eide. Nattverd. Takkoffer til NLM-misjonssambandet

### FITJAR KIRKJE

Søndagsskulens dag, 11.00. Familiugdsteneste, kantor Jan Overweg, prest Sven Harald Nilsen, tale Silje Fyllingen. Takkoffer til Søndagsskulearbeidet i Fitjar. Mat og aktivitetar på bedehuset etter gudstenesta.

### FJELBERG KIRKJE

KL. 11.00: Gudsteneste Prest: Jan Ove Totland Kyrkjekaffi i prestegarden etter gudstenesta

### HUSNES KIRKJE

KL. 11.00: Gudsteneste med nattverd Prest: Reidar Ådnanes

### VALEN KIRKJE

Tysdag 29. august KL. 17.30: Skulestartgudsteneste Prest: Reidar Ådnanes



Opplev noko nytt!

## MIDTFJELLETDAGEN PROGRAM

### Laurdag 9. september, kl 11.30

- 10.30-10.55** Oppmøte Fitjar Idrettspark for turmarsj.  
**11.00** Turmarsj (ca.1,5t) frå *Fitjar Idrettspark* til mølle B12. (Buss retur frå 14.00).  
**11.30 -12.00** Skytelbuss frå Parkering Olstjøndø  
**11.30** Buss frå *Fitjar kultur- og idrettsbygg* til Midtfjellet B12.  
**12.00** Oppmøte registrering motbakkeløp «Først til mølla». (Beste tid kr. 10 000,-)  
**13.00** Fellesstart «Først til mølla» frå *Fitjar Idrettspark*.  
**14.00** Bussar i retur frå 14.00 og utover.

#### VED FITJARSÅTØ MØLLE B12

- 11.00** Folkefest på Midtfjellet:  
 Grilling av pølser - gratis  
 Kaker, kaffi og saft - gratis  
 Lykkehjul, Mr.Windmiller, stands og musikk.  
 Snop til borna frå Sparegrisen og Godteguri!  
**11.00** Start orientering «Møllesprinten».  
**11.30** Velkommen og informasjon.  
**12.00-12.30** Turmarsj ankomst og utdeling deltakermedaljar til alle.  
**13.00 PREMIEUTDELING** orientering.  
**13.20-13.45** Målgong «Først til mølla».  
**13.45 PREMIEUTDELING** motbakkeløp.

Personar med nedsett funksjonsevne får køyreløyve opp med eigen bil.  
 Møt opp ved *Fitjar kultur- og idrettsbygg* kl. 11.00 eller kontakt Vidar Aarskog tlf. 458 32 048, fitjar.idrettslag@gmail.com for løyve.

Flotte premiar!

#### MOTBAKKELOPET 4,4 km. - 350 moh.

Påmelding: [www.goo.gl/TvEek3](http://www.goo.gl/TvEek3) eller [fitjar.idrettslag@gmail.com](mailto:fitjar.idrettslag@gmail.com)  
 Meir info. på [facebook.com/midtfjelletdagen](https://facebook.com/midtfjelletdagen)

Premieutdeling ved B12: Damer og herrer beste tid kr. 10 000,-  
 2.plass kr. 5 000,- 3.plass kr. 2 500,- Ellers premiering i mange ulike klasser.

Sponsorar:



[SparebankenVest](http://SparebankenVest)

Arrangørar:



AKTIVITETAR  
for heile familién



Premiar, motbakkeløp,  
orientering, aktivitetar for  
borna, m.m.

GRATIS  
MAT OG DRINKE  
kiosk ved B12



Kake, kaffi, pølser m.m

TRANSPORT  
til/fra B12



Fråtil Fitjar kultur-  
og idrettsbygg  
og Olstjøndø

MIDTFJELLET  
WINDKRAFT

OVER NORGE PRESENTERER



**STORD KULTURHUS**  
**FREDAG 20. OG LØRDAG 21. OKTOBER**  
 STORD.KULTURHUS.NO • 53 49 69 50

**FITJAR KULTURHUS**  
**TORSDAG 26. OKTOBER KL 20**  
 TIKKIO.COM • 941 32 310

**BØMLØ KULTURHUS**  
**FREDAG 27. OKTOBER KL 19**  
 BOMLOKULTURHUS.NO • 53 42 35 00

**KVINNHERAD • KULTURHUS HUSNES**  
**LØRDAG 18. NOVEMBER KL 19**  
 KULTURHUSET-HUSNES.NO • 53 46 19 40

## KANALDAGANE 2017

Kulleseidkanalen BØMLØ 1.-3. september

### PROGRAM

#### FREDAG 1. SEPTEMBER

- kl. 17.00 Messeområdet opnar  
 kl. 17.00 Brannbilen kjem  
 kl. 17.15 Våge skulemusikklag  
 kl. 17.30 Opning ved «Sildakongen»  
 kl. 18.00 Ten Sing Bømlø  
 kl. 19.00 Barnediskotek (minste barna)  
 kl. 20.00 Barnediskotek (4.-7. kl.)  
 kl. 21.00 Messeområdet stengjer



#### LAURDAG 2. SEPTEMBER

- kl. 10.00 Messeområdet opnar  
 kl. 12.00 På kanalurt med Elias båten  
 kl. 12.30 Foredrag «Historien om Innvær Plast»  
 kl. 13.00 Kløver & Skarre R  
 kl. 13.30 Serlina Sulebakk  
 kl. 15.00 ABBA Show  
 kl. 18.00 Messeområdet stengjer  
 kl. 20.00 Show/dans Bjørn Jensen &  
 - 01.30 Vestlandsfanden NB! Krev eigen billett  
**- Kjøp den på tikkio.com**



#### SUNDAG 3. SEPTEMBER

- kl. 10.00 Messeområdet opnar  
 kl. 11.00 Gudstene  
 kl. 13.00 På kanalurt med Elias båten  
 kl. 13.30 Kloven Ray Speedy  
 kl. 15.00 The Jokers  
 kl. 17.00 Messeområdet stengjer



**Velkommen til innholdsrike dagar**  
 med maritim messe, underhaldning og moro.

All  
underhaldning  
i stort sett

SparebankenVest

Joker FINNÅS

KARMSUND HAYN

Klart sjøen 2017  
[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)

## KUNNGJERING



Bømlo Kulturhus tysdag 29. august kl. 11.00

Prost Svein Arne Theodorsen:

«500 år sidan reformasjonen.

Martin Luther, kven var han og kva ville han»

[www.senioruniversitetet.no](http://www.senioruniversitetet.no)

### Sydentur for 55+ til Gran Canaria januar 2018

Info.møte på Røde Kors huset (Hollund) onsdag 30. august kl. 12.00. Vi har ennå ledige plasser, alle er hjertelig velkomne!

Mer info ring May Brit på tlf. 450 65 439.

Arr: Bømlo Røde Kors



STORD KOMMUNE  
[www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no)

### GRATIS SYMJEKURS

Stord kommune inviterer til gratis symjekurs for elevar i 4. til 10. klasse.

Oppstart mandag 28. august i bassenget i rehabiliteringssenteret, Sæ.

Kursdagar er måndagar og tysdagar, kl. 16.00–17.00.

Påmeldingsskjema på Stord kommune si nettside.  
Kontaktperson: Hege Havn Mehammer.



## VERVADAGAR PÅ JENSANESET, laurdag 26. august

### PROGRAM

Dagen opnar med flott vêr kl. 10.00.  
Billett v/inngang kr 30,- for vaksne. Barn gratis.  
Alle får lodd på billetten, også barna.  
Trekking kl. 15.00.

Udstillingar og kafe opnar kl. 10.00.

**Plankahuset:** Kunstmaler Odd-Geir Hadland.  
Salg. Utstilling. Knivklubben er her med salg av knivar.  
Kunstgruppa i kystlaget stiller ut i Raugabuo, 2. etg. Bygdalaget viser bilete av personar, båtar og miljø frå Sagvåg.

**Beddingen:** Robåtar og utstyr, store og små, laga av Egil Meland.

**Kafe:** Sal av mat og drikke i teltet på kaien.

**Butikken:** Salg av kaffi, snop, kaker og ekte korv frå Eksingedalen.

**Kaien/maskinverkstad:** Utstilling Stord Maritime samling

Kl. 11.00 og kl. 14.00. Saging på oppgangsaga.  
Kl. 12.00: Konsernt av Sagvåg musikklag.

Dreining av trenaglar i bandsaghushuset, pris for trenagle kr 20,-. Kokning av bek. Smed i smio (husk få stempel). Båtar med kaien.

**Brannstasjonen:** Sløkkjeutstyr frå gammal tid til bruk på verven.

Turar med «Brit-Bestø» for borna ved Raubu-kaien.

Da e lika kjekt om da e flott helde dårlig vær.  
Da har jo vore slik i 23 år på dinna dagen  
me har samla oss her på verve.

Vervagudstjeneste sundag 27/8 kl. 11.00.  
Sokneprest Jørgen Knudsen.



Kystkultur – tradisjon og utvikling...



Fem veker med kystkultur, folkeliv, konserter, foredrag, marknad i 22 kommunar  
frå Gulen i nord til Sveio i sør!



12. august til 17. september

Stiftinga Kystsogevekene

[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)



Digernessundet:

### Varsling om potensielt støyende aktiviteter

TechnipFMC skal i perioden fra ca. 27/28.08.2017 til 25.09.2017 utføre innlasting av 17 kjettinger på skroget til Aasta Hansteen plattformen.

Dette arbeidet kan medføre noe støy i området rundt Digernessundet. Det er planlagt at det mest støyende arbeidet så langt som mulig utføres på dagtid, estimert til 5-6 timer per kjetting, innenfor gitte periode.

TechnipFMC beklager ulempene anleggsaktivitetene medfører.

**For spørsmål om aktivitetene, kontakt:**  
Prosjektleder Kjetil Solbakken  
telefon: +47 48 08 85 57

Kommunikasjonsrådgiver Christi Limseth  
telefon: +47 41 65 16 06

**Fylkesmannen har gitt tillatelse til operasjonene.**  
(Tillatelsesnummer 2017.0252).

## Stordkoret over denne hausten inn Messias av Händel

Konserter med flott orkester vert i desember.

Ynskjer du å syngja i Stordkoret?

Møt opp i aulaen på Leirvik skule kl. 19 mandag 28. aug. og sjå om dette er noko for deg.

Ta gjerne kontakt med dirigent Liv Kari Bru, tlf. 473 50 754 for meir informasjon. Vel møtt!

## Fagforbundet Stord/Fitjar

[www.fagforbundet-stord.no](http://www.fagforbundet-stord.no)

### Turdag i Skjepåsen/Landåsen

Sundag 27. august frå kl. 11 til 14.

Det vert rebusløp frå Vabakkjen til Gapahuken i Skjepåsen. Flotte premiar.

Anne Berit Grindvik fortel eventyr for dei minste. Me server pølsjer og saft. Vel møtt!

Kystkultur – tradisjon og utvikling...



### Fredag 25. august

Bømlo Kystsogedagane i Langevåg 19-01

### Laurdag 26. august

Tysnes Kystkultur i kunsten, Breidablikk 12-17

Sveio Konsert i sjøbua, Buavåg 1930

Austevoll DNTUngt på Horgo, avreise 10

Stord Vervadagen, Sagvåg 10-17

Bømlo Kystsogedagane i Langevåg 0930-0200

### Sundag 27. august

Fusa Kystsogedag Sævareid/Engevik gard 12-17

Tysnes Kystkultur i kunsten, Breidablikk 12-17

Kåseri: Fiske i gamle dagar, Breidablikk 16

Stord Vervagudstjeneste, Sagvåg 11

Bømlo Kystsogedagane i Langevåg 15-20

[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)

Stiftinga Kystsogevekene

[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)

Velkommen til

## Stordløpet

2017

Søndag 3. september

Start på Stord stadion



Tur, trim, oppleveling og moro  
for heile familien for 40. gong!

**KI. 10.00-12.30:** Start turklasse utan tidtaking. Valgfritt 12 km, 8,5 km el. 6 km løyper. Deltakarmerke i alle klasser for 1, 5, 10, 15, 20, 25, 30, 35 eller 40 års deltaking.

**KI. 12.00:** Barneløp Ca 800 m. Barn fødd i 2006 og yngre. Medalje til alle.

**KI. 13.00:** Mosjonsklasse med tidtaking. 12 km og 6 km løyper. Premiering til dei 3 beste kvinnar og menn på begge distansar.

**Trekking av gävpremiar.**

**Startkontingent:** Mosjon kr 150,-  
Barneløp kr 50,-. Turkasse kr 50,-

